

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	28.01.2026
Vår referanse	2022/828-38
Dykkar referanse	44ba6d5a-17ab-43f6-a75f-
Sakshandsamar	60bbe08e5882
E-post	Bjørnar Tjoflot
Telefon	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
	99100814

Høyringsuttale til søknad om konsesjonsendring for Øygardskabelen 2, NVE-ref.: 202118856

Samandrag av innspel

Fylkeskommunen har allereie gjort arkeologiske undersøkingar i samband med Øygardskabelen 2 og kjenner ikkje til automatisk freda eller andre verneverdige kulturminne i området. Det blir likevel minna om meldeplikta etter kulturminnelova § 8.

Ved Nordre Blomøy muffestasjon vil utvidinga stenge ein sti som er del av det svært viktige friluftsområdet rundt Steinsvatnet. Tilkomsten til stien må løysast. Det blir tilrådd å stille vilkår om at tilkomst til stien skal oppretthaldast, til dømes ved å etablere eller skilte ein ny tilkomst.

Innleiing og bakgrunn

Statnett søkjer om å utvide stasjonsarealet og gjerde inn nytt areal på Nordre Blomøy og Solsvik muffestasjonar, samt forlengje bekkelukking ved Nordre Blomøy muffestasjon. Nytt inngjerda areal vil vere 1230 m² på Nordre Blomøy og 4160 m² på Solsvik. Forlenginga av bekkelukkinga vil vere på omtrent 27 meter. Statnett grunngev søknaden med at tiltaka er naudsynte for å gjennomføre bygging av dei konsesjonsgjevne muffehusa på Nordre Blomøy og Solsvik muffestasjonar.

NVE ber m.a. Vestland fylkeskommune om innspel i saka.

Faglege vurderingar

Kulturminne og kulturmiljø

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regional kulturmiljøstyresmakt.

Fylkeskommunen gjennomførte arkeologisk registrering, og dei aktuelle areala vart avklart, i samband med konsesjonssøknad for Øygardskabelen 2. Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i tiltaksområdet.

Vi gjer merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8 andre ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Friluftsliv og rekreasjon

I søknad om endring av konsesjon står det om Nordre Blomøy muffestasjon, kap. 3.2.4. 15, Brukarinteresser, at «tiltaket i sin heilheit blir liggande på stasjonsområdet til muffeanlegget, innanfor det planlagde gjerdet. Det får da ingen ytterlig konflikt med brukerinteresser.» Vi påpeiker i denne

samanheng at nytt stasjonsområde og inngjerding av dette, vil avskjere sti som går frå dagens stasjonsområde. Denne stien er kartlagt som del av det svært viktige friluftsområdet Steinsvatnet rundt. Det er uklart korleis tilkomsten til denne stien vil bli etter utviding av stasjonsområdet. Vi meiner det bør stillast vilkår om at tilkomsten til stien skal oppretthaldast, t.d. ved at det opparbeidast og/eller skiltast ein ny sti-tilkomst.

Når det gjeld Solvik Muffestasjon står det at utviding av stasjonsareal og inngjerding av arealet ikkje vil føre til ytterleg påverknad på friluftsliv i området, ettersom stien til friluftsområdet oppretthaldast.

Kontaktpersonar for fagområda

- Automatisk freda kulturminne – Heidi Joki
- Friluftsliv – Anders Søyland

Med helsing

Sølve Dag Sundbø
seksjonsleiar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Bjørnar Tjøflot
seniorrådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

ØYGARDEN KOMMUNE

Ternholmvegen 2

5337

RONG

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER